

Historiske Reed
6827 BREIM

12.08.2011

Til
NVE
Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn om utbyggingsplanene i Storelva, Gloppen kommune.

Sogelaget Historiske Reed arbeider med å restaurere og synleggjere særmerkte natur- og kulturhistoriske minnesmerke i Breim. Det er òg eit hovudformål å leggje til rettes for allmenn bruk og å danne grumnnlag for næringsdrift.

Storelva i Breim er del av eit større vassdrag frå breane over Stardalen og Myklebustdalen og til Gloppefjorden. I tillegg til høgfjellsvatn er der berre tre låglandsinnsjørar i vassdraget, Sandalsvatnet, Bergheimsvatnet og Breimsvatnet, syner til side 13 i førehandsmeldinga. I låglandet renn store deler av elvane gjennom frodig og grøderikt jordbrukslandskap. Naturen i Breimsdalen frå Egge til Breimsvatnet er prega av uvanleg rike og varierte lausmasseavsettingar, etter norske tilhøve. Det er dette som gjer elvane så næringsrike og gjer at dei er fiskerike. Elvegjela er djupe mange stader, reinene under åkerlandskapet er bratte og ein får kjensla av å vere i rett så vill natur om ein fiskar eller raftar her. Heile vassdraget er prega av variert og frodig vegetasjon i låglandet. Der Breim kraft AS, planlegg utbygging, er det ei strekning med skuggeside medan garden Seime og Lindvika ligg solrikt til. Nettopp desse elvestrekningane er òg kjende for sitt gode fiske og for stor ørret, 5 til 12 kilo.

Eit småkraftverk ville ikkje skiple årsrytmen til vassdraget mykje. Med storkraftverket Breim kraft AS, er det annsleis. Her vil ein ta bort vatnet, så og seie, langs den delen av elva som renn gjennom den sentrale delen av Breimsbygda medrekna den flotte elveosen. Dette kan giere stor skade for natur- og friluftsliv og i lengda hemme for ei sunn og teneleg næringsutvikling.

Fiske

Vassdraget er fiskerikt ikkje minst mellom vassinntaket og Breimsvatnet, der elvedeltaet og hølane nedanfor Flølofossen er godt kjende lokalitetar. Det er velkjent frå tidlegare at det er gode fiskeplassar mellom Rådabrua og oppover elva mot Stokke. Difor må vi stille spørsmål til side 30, punkt 6.3.3 i førehandsmeldinga, der det blant anna heiter:

" strekningen mellom inntaket og Rådabrua er lite brukt til fiske"

Dette kan neppe vere ei faktaopplysning. Men dersom det er rett at denne strekninga er lite brukt til fiske for tida, må det ha med tilkomsten til elvebreidda å gjere. Stoda per i dag er at busker og kratt på denne strekninga står som eit effektivt hinder mot alle typer sportfiske anten det gjeld fiske med makk, fluge eller sluk. Mange har undra seg over at det lokale jakt og fiskelaget ikkje har lagt meir til rettes for sport- og fritidsfiske på denne strekninga. Nettopp denne delen av Storelva har vore rekna for å ha dei beste fiskeplassane på Råd-Bø sida av elva. Dette gjeld frå Rådabrua, via Flølofossen like til Stokkestilja. Ved Bø, der det er god tilkomst eit par plassar, fiskar både oppsitjarar og andre godt per i dag.

I utgreiinga vert det vidare hevda at "fangsten i stor grad består av småfisk".

Det hadde vore greitt å få vite kva utgreiarane meiner med denne utsegna. Gjeld dette med småfisk særleg strekninga mellom Rådabrua og vassintaket til kraftstasjonen? Kva er småfisken målt mot?

Ser ein bakover i tid, til då det var rimeleg god tilkomst til Storelva, var fiske i dette området som utgreiar uttalar seg negativt om, særskilt godt. Her er to døme som seie noko anna. Den som fortel er Anton Bø, Røn i Valdres, Tlf 41 51 66 50:

"Frå mi tid i Bø, kan eg fortelje om godt fiske i Storelva. Eg fiska mykje sjølv, mest med makk. Ein gong var eg og Jostein Bø Haugen med Lars Bø ned til elva. Det var sondag. Larsen fiska med fluge. Vi starta eit godt stykke utanfor Flølofossen og Larsen fiska heilt inn til Stokkestilja. Han fekk 30 fine ørretar. Vi bar fisken. Jostein og eg braut oss kvar si hank av bjørkekvist. Vi fekk kvar vårt gode mål fin steikefisk med oss heim."

Med omsyn til "småfisken" aust for Rådabrua og den ifølgje meldinga, større fisken frå Rådabrua og til elveosoen, fortel Anton vidare:

"På eit stykke vestafor Flølofossen stod det ofte storørret når det lei ut i juli-august. Eg og Larsen tok med klepp. Eg tok to fiskar. Dei var mekomm 8 og 10 kilo. Lars tok mange. Fleire var over 10 kilo, ein truleg nærmere 12. Eg har kleppen min enno. Det var mykje fin fisk å få i Storelva."

Anton er ikkje åleine om slike erfaringar. Fleire som vaks opp i Bø og på Flølo har fortalt om korleis dei sprang til elva for å fiske mellom øktene i slåtonna. der kunne dei dra opp fiskar på 7 kilo og der omkring nesafor Flølofossen.

Innslaget ved Høylo/Lunde

Historiske Reed finn det underlaget at ein planlegg deponi av tunellmasse på Seime og i Breimsvatnet. Det er velkjent at Seimestranda er eit særleg interessant naturområde med mange varmekjære vekstar. Det står ingen ting om massedeponi ved Høylo/Lunde. Men på folkemøtet i Breimshallen 26.05.09, vart det opplyst at det kan vere aktuelt å drive tunell frå begge sider og at ein må finne høvelege deponiplassar.

Historiske Reed vil i denne samanhengen, gjere merksam på at landskapet mellom eit evntuelt vassintak og Bøterassen, er særskilt interessant. I den perioden då landet vårt vart isfritt for om lag 10 000 år sidan, la dalbreen i Breim opp lausmasser i ein bredemnd sjø i nedre del av Breimsdalføret. Desse lausmassene dannar i dag den høge og flotte Bøtrassen som er eit slikt fint landemerke i bygda. I dalen mellom Bøterassen og Breimsvatnet, er der terasser og

reiner slik at naturen er heilt prega av dette. Aust for Bøterassen finn vi landskap med mange små grushaugar som fortel oss at her smelta breen rett ned og la etter seg eit dødislandskap. Både terassene på vestsida av Bøtrassen og dødislandskapet på austsida, har endra karakter etter at ein har dyrka jord med store moderne maskinar. Berre dette vesle området kring Bøtrassen er att og kan dokumentere ei viktig tid i naturhistoria vår. Etter Historiske Reed si vurdering, er dette eit av dei beste døma vi har i det heile her til lands for dokumentasjon på denne perioden av naturhistoria vår. Det er nødvendig at dette området får vere i fred for inngrep.

Vassføring og elveosen

Minstevassføringa er lita sett i høve til at dette er hovudelva gjennom bygda og at det er ei brei elv. Er det rekna på kva dette har å seie for massetransporten til elveosen? Dette er eit spørsmål som er relevant for sportsfiske så vel som lausmaseforsyning til strendene frå Seime, Reed og til Hetle. Elveosen ved Storelva på Reed, er òg ei naturtype som er sårbar. Inngrep går ut over lausmassene som nemnt og dyre-og planteliv. Elveosen mellon Reed og Seime, der Storelva renn ut i Breimsvatnet, er særleg fin og interessant. Elva er omlag dobbelt så brei der som lenger oppe. Ei minstevassføring på 6(sommar) og 1(vinter) kubikmeter per sekund vil i røynda tørrlegge denne osen. Vatnet vil forsvinne i dei ujamne lausmassene og fiskan vil ikkje kome seg opp i elva. Dette gjeld fiskeplassar som er så gode at det stadig er avisoppslag om kor store fiskar som er tekne. Turistar har skreve om desse spesielle fiskeplassane i 200 år i reiselivslitteraturen. Attåt fiske som er viktig både for matauk og som rekreasjon, har mange opsitjarar rett til å ta ut sand og grus frå elveosen til privat bruk. Landet kring elveosen har vorte mykje nytta av ålmenta, her har ein teke i land fedrifter, husdyr, hatt idrettsplass, feira jonsok og syttande mai i nyare tid og alle har kunna bada fiska og rodd utpå vatnet. At våt- marker som elveosen er viktige for naturmangfold, er velkjent.

Seimsstranda

Når førehandsmeldinga seier at : " Befaringen påviste heller ingen viktiga naturtyper---", er dette underleg og må skuldast mangel på informasjon. Bøterassen er nemnd. Seimsstranda er ei av desse varmekjære lauvskogcliene som dert finns nokre få av i fjordlandskapet på Vestlandet. Dette har vore viktige lokalitetar for jordbruket gjennom historia og her er uvanleg stor planteartsrikdom og her er grøderikt. Lindvika heiter staden der ein vil bygge kraftstasjon og deponere masser til lands og i Breimsvatnet samt bygge anleggsveg. Namnet Lindvika fortel at dette kanskje er den lunaste staden i Seimsstranda. Kanskje kontrastene mellom dei meir sparsomme vegetasjonsfelta i elvegjela og desse rile lauvskogcliene like ved, er interessant i seg sjølv?

Historiske Reed går imot ei stor utbygging av Storelva slik det ligg føre planer om. På sikt kan bygda ha langt større nytte og glede av at elva får ha si naturlege vassføring og si naturlege årsrytm. Dette gjeld økonomiske omsyn òg.

På vegne av Historiske Reed. Kari Gåsemyr, leiar.

